Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kvitseseid

Emne: Joletre og Jolehalm. Bygdelag: Brunkeberg

Oppskr. av: Jørgen Heggtveit. Gard:

(adresse): Mås, Seljord G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.) Joletreet er fast alle staer i bygdi.
2-3. Det var no ikkje tekke i bruk för i 1900 talet, hell slutten av 1800. Den som fyrst kom her uppe i Seljord grannebygdi til Kvitseseid, med jōletreet, var på högskulen av Viggo Ulmann. Det var seminaristan som stelte i stann på skulen etter den tid tok det til å verta ålment i bygdi her og.
4.5. Dei hev ikkje bruka ana enn joletre til pryd. Men langt atende i tid tok dei jōleftan inn i stogo ein liten raunbusk og sette den i mold til blom og blad spratt. Det spådde dei koss vare vart i åre som kom.
6. Joletreet er ca. 1 m. högt heime på gardane. Når dei hev det i skular og större forsamlingshus er det uppe til 2-2½ m högt. Dei ser helst etter å finne finaste gråni til det.
7. Dei pyntar det med glaskulor, lekje, korveer, og so set på talgljos i klypor.
8. Både born og vaksne er med står

4469

2 dei pryntar det. Det höver sume ikkje
let borni få sjå treet for det er farigt.
9. Dei set dei små trei i heiman på bord
eller ein benk, i skulan på golvet.
10. Dei tenner ljósi jólaftan, og elles når
dei samlar borni held vaksne til fest.
11. Dei gjeng rondt treet både born og
vaksne. Det er upp til two ringar
der de er godt rom. Dei syng dei
kjende songar som „Jeg er so glad kvar
jolekveld", „Glade jól", „Hellige jol.
og fleire av dei kjende jolesongar.
12. Joletreet i heimarne stand heile
jóli ut. På festar i skulen og
elles vert det teke ned dagen
etter, vis dei ikkje skall ha ny fest.
13. Borni får når dei tek ned
treet heime det dei hev av godt på
14-15. Det er vanleg gråntre som brukas til det.
til jóletre ingen andre.
16. Til fuglarne jólekvelden set
dei eit gråntre på ein stongtopp, her
bind dei uppi eit kornband. Dei
set det upp ved lóa, some ut for
stogeglase. Dei set eit jólekveld
og so Nyttårseftan.
1. Halm på golvet hev dei ikkje
fortalt vore bruka, men dei bruka
i 17-1800 talet og ströyje finhakka
brisk (einer på golvet.

4469

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING